



HJELMELAND KOMMUNE

Norges Kystfiskarlag
Postboks 97
8380 Ramberg

Att:

Dykkar ref..

Vår ref.
24/906-4/24/9929


Arkivkode:
K2-U43

Dato:
25.06.2024


HØYRING - SØKNAD OM DISPENSASJON ANKRINGSLINJER TIL OPPDRETTSANLEGG A16 VASSVIK I ØLESUNDET

Sterling White Halibut AS (SWH) søker om **dispensasjon frå kommuneplanen for etablering av ankringsanlegg** til utviding av eksisterande oppdrettsanlegg for kveite innanfor avsett areal akvakultur A16 Vassvik – Ølesundet i Hjelmeland, sjå kartskisse under.

Vassvik er ein lokalitet der det har vore kveiteproduksjon i snart 20 år, og SWH ser nå behov for å utvide anlegget med 8 nye merdar, til totalt 20 merdar. I den samanheng er det hensiktsmessig å trekke anlegget litt lengre ut og vri det litt meir parallelt med sundet.



Avviket ift kommuneplanen går på at ein del ankringslinjene til sjøbotnen mot vest og sør går utanfor avsett FFA- område «Kombinererte formål fiske, ferdsel, akvakultur» (lys skravur) der slike ankringar er tillate. Avviket er vist i skissa under, og i vedlegg til søknaden. Sjølve overflateanlegget og ankringsanlegget forøvrig er i tråd med kommuneplanens arealdel frå 2019.



Ankringslinjene er vist med raud strek, samanstill med kommuneplanens arealdel.

Akvakulturområde A16 Vassvik (rosa) ligg i kommuneplanen med tilhøyrande ankringsområde FFA (skravert lyst område i vest). Arealbruken i sjø vest for ankringsområdet er ferdselsområde i sjø (mørk blå) og sør for er formålet bruk og vern av sjø og vassdrag (lys blå). Det er linene ut i dei to siste formåla som utgjør avviket, og dette skjer på ca 70 m djupne.

På landsida i vest er det nokre få hytter/hus. På landsida i sør er det ei småbåthamn og eit hyttefelt, og på landsida i nord/nordaust er det regulert industriområde. Ein kan ikkje sjå at landsida blir berørt av sjølv dispensasjonsspørsmålet, då avviket i ankringa vil skje i djupna ned mot sjøbotn, ca 70 m ikkje synleg på sjøoverflata og vil ikkje hindre småbåttrafikk. Ettersom avviket frå plan er så langt under sjøoverflata, kan ein ikkje sjå at eigarar på land kan definerast som partar i saken, og blir difor ikkje varsla. Ettersom sjøen er ein allmenning, vil høyringa av søknaden bli kunngjort på vår nettside.

Viser elles til ytterlegare informasjon i vedlagd varslingskriv frå Sterling, herunder miljøundersøkelser MOMB Vassvik og C_ASC-undersøkelse og uttale frå lokal fiskar. Sterling opplyser at ankringa skjer med boltar i fjell.

Kommunen sender med dette dispensasjonssøknaden på høyring til berørte sektormyndigheiter. Me ber om uttale i saken **innan 9.august 2024**. Me tek sikte på at søknaden blir lagt fram for politisk behandling i Areal- og forvaltningsutvalet, truleg 28.august. Administrativt er ein førebels innstilt på at dispensasjon skal kunne gis; men avventar konklusjon på dette til etter høyringsrunden. Eventuelle merknader og innspel vil då bli lagt ved/vurdert.

Med helsing
Plan og forvaltning

Svanhild Hjorteland Gbada
rådgjevar arealplan

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ingen signatur

Vedlegg:

Dispensasjons søknad-arealplan Vassvik

Vedlegg 2 MOMBVassvik2023

Vedlegg 3 Sterling White_C_ASC-undersøkelse Vassvik 2022

Vedlegg 4 Posisjoner linefester

vedlegg 5 uttalelse fra lokal fisker

Vedlegg 6 Kartutsnitt_Vassvik

Kopi til:

Sterling White Halibut As Avd
Hjelmeland

Hundsnesvegen 205

4130

HJELMELAND